Benken vart etterkvart så motteten og

halvrotten at dei vaksne ville kasta han. Då

var eg vorten litt større, og protesterte så pass at benken vart demontert og benkesidene sett til side, slik at dei endå finst, om enn i dårleg stand.

Eg hugsar og eit stort drikkehorn som onkelen til far gav til ungdomshuset i Eksingedalen. Han var lærar og hadde vore ute i verda, så han såg truleg meir verdien i dette enn heimefolket. Drikkehornet sto lenge på lemme hjå ho godmor. Her beundra eg det ofte, og tykte det var leit då det vart sendt til ungdomshuset. Hornet var rikt utskore, svinga seg så elegant, og oppe langs kanten var det skore ut menneske kledde som i sagatida. Eg hugsar og eit utskjeringsarbeid i marmor med Camilla Collet på eine sida og Aasmund Olavsson Vinje på den andre. Det var og imponerande for ei lita jente - tenk, rein marmor! Og så glatt og fint som det var å ta på!

Sidan i livet har eg mange gonger spurt folk med fagkunnskapar innan kunst og kunsthåndverk og folk med røter i Katharina sitt nærrområde om dei veit noko om henne, men det har heilt til dei siste åra verka som ho var heilt ukjend. Eg har tykt det har vore leit at ei kvinne med slike evner fekk så lite merksemd medan ho levde. Når no omsider litt av hennar liv og livsverk får kome fram for ålmenta, sit eg her med ei kjensle av rettferd som gjer godt.

Her er litt meir om Katharina Saltnæs:



Eg har snakka (over telefon) med dotter til Andreas Høvik, f. 1885. Ho heiter Eva May Gjerstad, og då eg snakka med henne var ho hjå mor si, Mary Høvik på 92 år, som var 2. kona til Andreas Høvik.

Mor til Eva May hadde fortalt at Andreas snakka mykje om Katharina Saltnæs. Han såg på henne som eit førebilete, og det var ho som hadde kveikt interessa hans for treskjerjing. Han gjekk på kurs (i lære) hjå henne då han var 15 - 16 år, og han hadde då byrja å spara pengar til å kjøpe seg material til verktøy, som han måtte lage sjølv.

Mary seier at Katharina reiste og kom att til Eksingedalen fleire gonger. Ho seier at Katharina var på dei fleste gardane i dalen. Om så er tilfelle, er det kanskje enno nokon i dalen som har høyrte snakk om det? Far min fortalde i alle fall at ho var berre på 3 gardar - men det kan sjølsagt vere at det var der ho budde mest, og at ho var innom på fleire andre gardar på mindre oppdrag.

Mary meiner og å hugse at Andreas sa at Katharina måtte berast mellom gardane. Ho veit ikkje kvifor Katharina kom til Eksingedalen frå først av.

Andreas reiste og rundt og gjorde treskjerararbeid på oppdrag. Eva May nemnde mellom anna at han har gjort utsmykningar på eit hotel. Han har laga mange feler. Eva May Gjerstad kunne nok ha sagt kva han har skore ut i Ljosheim dersom ho fekk sjå det.



*Fra skisseboka til
Katharina Saltnes*

Katharina Saltnæs

"Tungsindig sitter på sitt fjell, / en ledig helt, en ubrukt Tell; en Byron titt, en Platos sjel / i folkets sverm forgår". Slik skreiv Henrik Wergeland i diktet "Til en gran" (Vilhelm Tell - bogeskyttar, sveitsisk nasjonalhelt. Byron - stor engelsk lyrikar. Platon - gresk filosof). Kanskje var det slik ho kjende det, den 50 år gamle kvinna på Kaharina som pinka av stad på krykkja si. "Du lyt skriva om meg, du Ivar," sa ho til lærarskuleeleven som var sumarsdreng på garden. Mange motbakkar hadde ho streva seg oppover på livsvegen, og store utsyn hadde ho sett. Men så kom nedturen, og ho hamna heimatt på fødestaden, der ho var sikra livsopphald, men ikkje meir. Og ho hadde ingen å dela sine interesser med.

Folk såg slett ikkje opp til henne, snarare tvert i mot. Kva nytte gjorde ho som sat og slo ein meisel mot gamle gravsteinar, eller med kniven skar ein nisse utpå ølkrusa? Og så var ho stor på det: Ho lika å fortelja om då ho gjesta kong Oscar II på slottet i Stockholm, ho hadde budd i heimen til statsminister Gram, og ho kjende professorar og kunstnarar i Kristiania. Nei, ein fekk minnast kvar ein kom frå, og ikkje hoppa høgare enn staven rakk, meinte bygdefolket. At Skaparen hadde lagt ned i henne spesielle evner, tenkte dei ikkje på, og at ho kjende både kall og plikt til å nytta desse evnene, det var det knapt nokon som skjøna.

Saltnes

Katharina Nilsdotter var fødd på Saltnes i 1862. Saltnes ligg omlag 3 kilometer utafor Lindås, ved vegen mot Risa. Dei to gardane grensar mot einannan. Garden er nemnd så tidleg som i 1563. Ved folketeljinga i 1865 var der tre bruk, kvart med 6-8 storfe og 10-15 sauer, og ein husmannsplass. Det var nær slekt mellom desse tre grannane, men Nils Ingebrigtsen, far til Katharina, som i 1855 fekk skøyte på bruk nummer 1, kom utanfrå. Eigar var mor og stefar åt kona hans, Oline Pedersdotter. I 1887 let Nils garden frå seg til sonen Ingebrigt, som alt etter fem år selde garden vidare til Fuse Olsen Soltveit. I 1911 overtok sonen hans, Ole Fusesen, men etter tre år, i 1914, selde han til brørne Arne og Mons Jakobsen Natås.

Slekta

Katharina si farsslekt kom or Mykingsokna. Bestemora, Brita Nils- dotter Veland, var enkje etter klokkar Ola Hodneland, då ho i 1825 gifta seg med Ingebrigt Johannessen Skauge og vart buande på Sletten. Dei fekk to søner, Nils i 1828 og Johannes (Sletten) i 1835, han døydde som klokkar i Lindås i 1892.

Morfaren, Mons Monsen, kom frå Skare i Alversund og gifta seg med Gjertrud Kåresdotter Kleivdal. Dei budde på Grimstad. Sonen Peder Monsen Grimstad var nummer 6 av 7 born. Første kona hans var Marta Træland. Dei var komne til Saltnes før år 1800, og dei hadde sonen Mons, (som var 40 år eldre enn halvsøstrene). Peder vart attgift i 1833 med Kari Olsdotter frå Øvre Skodvin. Dei fekk to døtrer, Marta i 1833 og Oline i 1836. Årsgamal vart Oline farlaus, men mora levde til 1869.

Nils Ingebrigtsen tok over garden då han i 1855 gifta seg med Oline, som var 19 år då ho stod brur, og 26 1/2 då ho døydde den 26. august 1862. Ho vart gravlagd den 30. august og jordfest på mikkelsmessdagen. Dei hadde fått tre born: Ingebrigt i 1857, Karneles i 1860, død same år, og Katharina, fødd 16. januar 1862 (Catharina i kyrkjeboka). Etter 4 år gifta Nils seg med Brita Olsdotter Andvik or Masfjorden, og dei fekk fem born, som altså var Katharina sine halvsøsken: Konradine i 1866, Ole i 1867, Martin i 1870, Berta Oline i 1873 og Johanna, fødd og død i 1876.

I fireårsalderen fekk den morlause Katharina poliomyelitt, så venstre sida og serleg venstre foten vart heilt kraftlaus. Seinare i livet måtte ho gå med krykkje. Lindåskrinsen fekk skulehus i 1863, og dei åra ho burde ha gått i skulen, var det Ingebrigt Laastad som var lærar og klokkar. Turen frå Saltnes til Lindås gjekk helst i båt, men det er lite truleg at nokon vaksen hadde tid til å ofra heile dagen for å få henne i skulen, så det vart nok dei færreste av dei 8-9 årlege vekene ho kom i skulen. Men ho lærde seg sjølv og las heime. Då ho var 15 år, møtte ho til prestelesing saman med jamaldringane, og ho stod visst ikkje tilbake for nokon. Ein har ikkje funne skuleprotokollane frå Lindåsskulen i desse åra.



Prost Hvedings gravstein

Konfirmanten

Ei hending frå lestrasommaren lyt ein ta med: Prost Hveding las med konfirmantane, og Katharina brukte både auge og øyre. Ho sat og studerte andletet hans, og brått kom ho på at ho ville forma eit slikt andlet så snart ho kom heim, men det var lettare sagt enn gjort. Faren, som også var snikkar, var lei på henne fordi ho tok dei finaste plankestubbane og skar i dei. No hadde han gøymt tollekniven og trudde dermed at materialen var sikra, men der tok han feil. Jenta rusla bort til låven og fann seg ein avbroten ljå, og med den som handvle "laga" ho prosten. Neste gong ved kyrkja synt ho produktet fram. "Ja, denne var jo ikke så pen nettopp," sa prosten. "Nei, men originalen var ikkje finare

heller," kvitterte den freidige jenta. Kan hende hadde ho hatt eit lite bilete å sjå etter? Betre karakter får medaljongen på prosten si gravstøtte ved Lindås kyrkje - denne laga ho i marmor i moden alder.

Lærarinna

16 1/2 år gamal vart ho lærar - den første kvinnelege i prestegjeldet. Det gjekk slik til: Lærar Ole Hauge hadde ansvaret for 90 born mellom Nesbø og Kvamme, og han bad om at skulestyret tilsette ei lærarinne. Frå møteboka for Lindås skulestyre den 26. august 1878 siterer ein:

"Pigen Katrine Nilsdtr. Saltnæs har erklært sig villig til at overtage denne Post og beskikkes hun hertil for det angivne Tidsrum mod en Godtgjørelse af kr. 3,20 (for veka.A.Å.). Det overdrages Skolelærer Hauge at bestemme, naar og for hvilke Mænd, hun skal holde Skole; og har vedkommende Mænd at skaffe hende Kost og Logi. Læreren har ogsaa at vejlede hende, hvorledes hun skal tage Undervisningen og have Tilsyn med, hvorledes den udføres."

Denne hausten las ho 3 veker i Rødland krins med 33 born, 3 veker i Askeland med 32 born og 2 veker i Veland krins med 24 born. Løna var kr 25,60 for alt i hop. Året etter las ho 9 veker i kvar krins. Det burde ha gjeve ei årsløn på kr 86,40, men sidan ho hadde vore borte i to dagar, fekk ho berre kr 85,30. Kanskje var det omreguleringa av lærarpostane i 1880 som gjorde at ho fall ut? Det gjekk 50-60 år før desse krinsane atter såg ein lærar i skjørt.

Prosten kjende henne og hadde tillit til henne, men jamen skulle ho ikkje ha liten sjølvtilit som våga å ta på seg oppgåva. Det var ei mil gangsti mellom Nesbø og Kvamme, og det hende vel at dei store skulegutane tok henne på ryggen når ho skulle flyttast frå gard til gard. Dagbøkene frå desse krinsane er for lenge sidan brende, så ein har ikkje førstehandskunnskap om arbeidet hennar.

Utdanning

I 1880-åra heldt Nordhordlands Amtsskole til på Lindås, lengste tida i det nye tinghuset. Våren 1883 var Katharina elev på jentekurset, frå 2. april til 3. juli. Dette var eit praktisk kurs, med saum og veving. Truleg var det etter dette at faren sette henne i skreddarlære. Det var einaste yrket der ho kunne verta sjølvføding, meinte han, og det var sikkert allment syn den gongen. Men etter eit år sa ho stopp, dette ville ho ikkje ha meir av. Ein veit at ho gjekk på teikneskule i Bergen, truleg i åra 1884-86.

Treskjeraren Lars Kinsarvik heldt treskjerarskule i Kinsarvik i slutten av 1880-åra, og elles hadde han lærlingar med seg der han hadde arbeidsoppgåver rundt på Vestlandet og i Trøndelag. På lista over lærlingar, med 50-60 namn, finn ein eitt kvinnenamn: Katrine Saltnæs, i Kinsarvik 1886-88. Ho fekk eit par små stipend, mellom anna 200 kroner frå enkjedronning Josefine sitt legat for vanføre. Dermed kom ho seg til Kristiania. Då nærma ho seg 30 år.

I 1890-åra var ho elev ved Statens Kunst- og Handverksskule, der ho hadde bilethoggaren Skeibrok som læremeister. Under hans påverknad gjekk ho i gang med modellering. Etter fire år i Kristiania fekk ho eit nytt stipend som gjorde det mogleg å fara til Stockholm, til Den Tekniske Skolen. Ho vart verande der eit lite år, og då pengane tok slutt, vart ho hjelpt av fru statsminister Gram. Ho fekk fritt opphald i statsministerheimen, og reisepengar då ho drog på heimveg. Det lysande minnet ho hadde med seg heim, var vitjinga på slottet, etter invitasjon frå kong Oscar II, som også hadde kjøpt ein utskoren ølbolle ho hadde laga. Dette var nok høgdepunktet i livet hennar.

Treskjeraren

Ho hyste sterke historiske og nasjonale kjensler. Dette kom serleg fram i treskjerarverka hennar, sterkt stimulert etter samveret med Lars Kinsarvik som var veldig nasjonalsinna. I stipendøknaden av 1899 skisserer ho ideane sine slik:

"Tanken er - - at jeg vilde uddanne mig i Tegning og Modelering af Figurer, for siden ved Træskjæring at forene dem med Ornamentene. Jeg har altid havt den Tanke at man paa den Maade kunde illustrere vor norske Historie."

På toppen av ølkanna sit ein figur og les i ei bok. Ein treng ikkje tvila på at det er Historia han les. Nils Holgerson på barnebordplata er så levande at det er ikkje berre svana som reiser med han - også borna som sit og ser på han vil verta rivne med på turen. Folkelivsbilete strøydde ho om seg på ølkrus og bollar, med akantusranker som ramme. Biletrammer, serveringsbrett, serviettringar, skapdører og stolar finn ein både i Bergen og kringom på Strilelandet. Fleire store drikkehorn er og kjende. Då klokkaren i Bruvik gifta seg i 1909, fekk han eit relieff av Grundtvig som ho hadde laga, men ein veit ikkje kven gjeveren var.

Heime i Lindås

I biblioteket på Lærarhøgskulen i Bergen står ei stor bok av Nordahl Rolfsen, "Norske Digtere". Denne boka hadde Katharina fått av sokneprest Bjørnstad i Lindås i 1898 "med Tak for Ester". Ester var konfirmant denne hausten, så det var kanskje kjolen dei hadde fått hjelp med? Dette fortel at Katharina då var heime i Lindås. Sommaren 1899 søkte ho om stipend, kr 400, av Jernhandler Johan Michelsens Legat. Også dette brevet var sendt frå Lindås. Stipendet fekk ho vel, men korleis ho brukte det, veit ein ikkje. Kommunikantprotokollen syner at Katharina gjekk til alters i Lindåskyrkja 26.oktober 1902, 4.oktober 1908, 5.juni 1910, 1.november 1918 og 1.oktober 1922 (protokollen gjekk berre til 1924). Etter dette må ein ha lov å tru at ho hadde sagt farvel til "den store verda" i 1898 og vendt heimatt til strilelandet. I åra 1900-02 arbeidde ho i Eksingedalen. Det er ukjent kva som førde henne dit. Kanskje var det Maria Vetlejord som fekk henne av stad. Ho gjekk på amtsskulen på Lindås året etter Katharina, og Maria vart gift til Holmås, så dei var i alle høve kjende. Katharina heldt kurs i trearbeid i Eksingedal, men tydelegaste merka etter henne finn ein i alle dei fine tinga ho laga

og som framleis er å sjå i heimane.

Det fine drikkehornet på forsida vart vunne på ein sanitetsbasar, truleg i 1920-åra. Katharina var nok interessert i helselaget sitt arbeid, og

Dokter Alf Sørensen hadde praksis på Ostereidet frå 1906 til 1910. I desse åra var Katharina ein av klientane hans, og han fekk mange fine ting som ho hadde dekorert med kniven. Det er uråd for oss å veta om dette var betaling for konsultasjon eller om det var handel - truleg både deler. Det var langt frå Saltnes til Ostereidet, så ein reiste ikkje i utrengsmål.

Ein kan undrast i det vide og breie kva det var som hadde hendt med henne - ho som svara prosten, neia for kongen og fekk den eine premien etter den andre. Var det seinverknader etter polio, nerveproblem eller andre helsevanskar? Hadde ho spent bogen for høgt i kampen mellom dei store, Gudgjevne evnene ho kjende inni seg, mot vanhelse, uforstand og kald dårskap? Hadde ho berre viljen att, men ikkje krefter? Var det kreftene som svikta, eller motet? Ho reiste heimatt til Saltnes.

Kva hadde ho der å gjera? Kva rett hadde ho til å vera der? Faren var kårmann og broren selde garden til framande i 1892. Som enkemann med ein barneflokk drog han frå bygda. Faren døydd i 1904, så ho kom til framande folk.

"Sosial omsorg" i gamle dagar

Det offentlege hadde inkje ansvar for mennesket sine kår. Kvart individ måtte greia seg som best det kunne, med hjelp av familien på første og kanskje siste delen av livsvegen. Tanken på å verta gamal låg som ei mare over folk. Somme trong kanskje hjelp heile livet, og vart det for ille, laut heile grenda ta eit tak - med legd. Når sonen tok over garden etter foreldra, vart det skrive kårbrev, der det stod kor mykje korn og poteter, kjøt og fisk, smør og mjølk dei årleg skulle ha, attåt husvære og stell når det trongst. Dette gav (i beste fall) dei gamle ein sutlaus økonomi og fridom til å rå seg sjølve. Eit menneske som ikkje kunne verta sjølvføding, kunne "leggjast på jorda", som det heitte. Det vil seia at vedkomande fekk hus og mat som dei andre i familien, men ingen ting for seg sjølv. Ein lyt prøva å tenkja seg inn i korleis det kjendest å "snikja" ved bordet, sjølv om det aldri så mykje var tinglyst at ein hadde rett til å sitja der. Både desse ordningane var ei bør for eigaren, difor fekk han nedslag i prisen ved gardkjøpet. Slike avtalar var tinglyste, med panterrett i garden.

"Lagd på Jorda"

Då Ingebrigt tok garden etter faren i 1887, skreiv han kårbrev til faren, der det stod opprekna alt han hadde rett på både i og utafor huset.

Vidare kan ein lesa i kårbrevet:

"Ligeledes forbinder jeg mig til saafremt min vanføre Søster Katharina Nilsdtr. skulde komme i den Stilling at hun ikke kan sørge for sig selv eller ikke ved Giftermaal eller paa anden Maade maatte blive forsørget, da at lade hende have

frit Ophold og fri Kost paa Gaarden lige med mig og min øvrige Familie samt, om fornødiges, forsvarlig Pleie og Tilsyn, hvilke Ydelser dog bortfalder, saafremt hun paa anden Maade som ovenfor nævnt maatte blive forsørgt."

Denne klausulen fulgte med ved det eine eigarskiftet etter det andre, i 58 år. Med andre ord: Katharina var "lagd på jorda".

Brørne Arne og Mons Natås kjøpte Saltnes i 1914. Arne var utlærd gartner og dreiv gartneri på garden. Før 1920 bygde dei det huset som Emma og Johannes no bur i. Huset som står ved sida, var truleg bygt i Fuse si tid, men ein veit ikkje når fødesheimen til Katharina vart riven. Brørne delte hus til Mons i 1920-åra vart bureisar på den utskilde parsellen Skjergje. Frå 1927 skulle Mons åleine ha ansvaret for Katharina. Ho hadde då budd hjå han i fleire år. Romet hennar hadde inngang rett frå kjøkkenet, så ho slapp streva seg opp og ned troppa. Der sat ho på golvet med hamar og meisel og hogg laus på den harde steinen. Det vert fortalt at ho fekk gamle gravplater av marmor hjå gravaren på kyrkjegarden, så slapp ho kjøpa det i dyre domar.

Skulptøren

Ein veit ikkje når ho fekk ideen til marmorrelieffa åt Lindåskyrkja, men 8 av dei var ferdige og vart hengde i koret etter kyrkjevøla i 1935, og to til kom litt seinare. Her er lista over dei - høgre sida:

- 1) Augustin - Gregor d store - Ambrosius - T Kingo - H A Brorson
- 2) Johann Sebastian Bach og Georg F Händel.
- 3) Paul Gerhardt og Erik Pontoppidan.
- 4) Dorothe Engelbretsdtr - Birgitte Kaas - Berthe Kanutte Aarflot
- 5) Frans Michael Franzen.

Så kjem venstre sida:

- 1) Martin Luther.
- 2) Petter Dass.
- 3) Elias Blix og Magnus Brostrup Landstad.
- 4) H Müller og Johan Nordal Brun.
5. Nicolai Frederik Severin Grundtvig.

Desse tavlene vitnar om hennar kristensyn, ho kjende det som eit kall å heidra desse mennene - og nokre kvinner innimellom - for den kristne kulturarven som dei i ord og tonar skapte. "Når Gud har gjeve meg desse evnene og denne hugen, så er det vel hans vilje at eg skal bruka dei," kunne ho stundom seia. Ho var sikkert glad for at ho rakk å fullføra dette arbeidet, og glad for at arbeidet hennar vart verdsett. Etter mange år i kulturell isolasjon fekk ho atter kjenna at der var nokon i heimbygda som såg stort på det kunstneriske arbeidet hennar, og det var godt å oppleve, sjølv om det kom seint.

Eit siste streif av sol

I Bergens Aftenblad for 20.august 1936 skriv Ø.R.L. om "En billed- bevarelse i Lindås". Han fortel om tavlene og nemner med få ord all den motgangen Katharina hadde møtt i livet og sluttar med desse kloke orda: "På den annen side er der ingen som idag kan si hvilken kunstnerskjebne som av disse hemmende krefter er penset ut av sin bane." Pensa ut av si bane - var det ikkje nettopp det som vart Katharina sin lagnad?

Lindås sokneråd søkte 6.oktober 1936 om at Katharina måtte få Kongens fortjenestmedalje, og ein siterer frå søknaden:

"Ein fatig krypling, med mykje sjukdom, vanhelsa og kraftløysa og med mange såre vonbrot i livet, det er hennar beiske lagnad. Men ho ber ikkje agg korkje mot Gud eller menneskje og er attpå stor nok til, ueigennyttigt og sjølvgløymande å ofra mange års arbeid til prydnad av Guds hus, den kyrkja der ho er døypt og konfirmera, og som difor er hennar kyrkja. Det var dette me meinte fortente offentleg påskyning."

Søknaden gjekk om prost og stiftsdireksjon (fylkesmann og biskop) til H.M. Kongens Hoffmarskalk - og kom same vegen attende, med tildeling. Sokneprest Thorseth gav henne diplom og sølvmedalje ved ei tilstelling i prestegarden den 9.desember. Biskop, prost og dei fleste prestar i prostiet var med. Fylkesmann Lindebrekke sende kvittering til Slottet, og biskop Fleischer skreiv brev til Kongen: "Hun bad mig overbringe hennes ærbødige takk til Deres Majestet. Og jeg vil gjerne få tilføie, at sjelden har fortjenestmedaljen været en mer vel anbragt utmerkelse og påskjønnelse."

Etter opphaldet i Eksingedalen er der lite å fortelja om henne. Ho må ha flytta heimatt til Saltnes, og livet vart einsformig. Ho spann for folk, sydde kanskje og. Stundom vart ho henta til ein huslyd for å vøla klede eller laga nye. Der kunne ho verta verande i fleire veker, såleis hjå Eikeberg eller hjå Anders Stene. Ein vinterbolk var ho hjå Anders i Spjeldneset. I ein av desse heimane hadde dei tre fine ting etter henne: Salmediktaren Elias Blix i marmor, kong Haakon i eik og ein trestatue av to av borna til doktor Widerø. Men slikt arbeid dreiv ho berre med når ho var heime på Saltnes. Først og fremst fekk ho hus og mat så lenge det varde. Kanskje tente ho seg og nokre skillingar på desse turane, og det kom vel med. Store krav sette ho ikkje til levemåten, men litt pengar trong ho. Ein gong i 1930-åra då Martin Natås var dreng i gartneriet, batt han inn 12 årgangar av eit blad ho abonnerte på, han meiner det var "Menneskevennen" det heitte.

Vanlegvis gjekk ho i rundsko (kalla hussko, sydde av heimebarka hud, ingen skilnad på høgre og venstre sko, slike var den gongen vanleg fotbunad på Strilelandet) og dei varde dobbelt så lenge åt henne som åt andre. Sidan ho stort sett berre steig på høgre foten, unne ho byta skorne og fordela slitasjen.

"Nokon må kvessa jødno (jarna) mine," kunne ho stundom seia. Knut

Spjeldnes gjekk stundom i lære hjå henne, og det førde til at det vart han som fekk overta treskjerarutstyret hennar då ho ikkje kunne meir. Jarna var i eit futteral, og dei er framleis i bruk på hobbybasis. Ei jente som stundom stakk innom til tanta si medan Katharina var der og hjelpte til, tykte at Katharina var bisk og sur, så ho ville heller gå til tante når ikkje Katharina var der.

Johannes Natås (fødd 1920, son til Arne som kjøpte bruket i 1914) fortel om Katharina slik han minnest henne:

"Som 12-åring hugsar eg Katrine Saltnes. Ho budde hjå oss om lag eit år (på den tid budde ho til vanleg i Skjergje) og hjelpte til med ymse arbeid i huset. Me var 4 halvaksne born då, og far dreiv med hagebruk i tillegg til vanleg gardsbruk, så det vart ofte travelt.



Katharina Saltnes ca. 1940

Ein gong me borna kom gåande i vegen attmed hagen, sat Katrine på ein krakk og plukka solbær. Ho ropa på oss at me måtte vera med og hjelpa til, det var ikkje snakk om å sluntra unna. "De må læra å gjera gagns arbeid no," hugsar eg ho sa. Og ho fortalde om turar ho hadde vore med på, til Kristiania, Kjøbenhavn, og det aller gjævaste var då ho fekk koma på slottet i Stockholm og tala med Kong Oscar II.

Ein gong eg gjekk eit ærend for henne, fekk eg ein liten mynt av gull av

henne, den var innpakka i eit kvitt papirark, og utanpå var det skrive med skjelvande hand: "Lykkeskilling".

Ho fekk den gode, gamle opplæringa at alle som på nokon måte greidde å arbeida, skulle gjera nytte for seg, og det praktiserte ho sjølv og. "Her skal du sjå," sa ho ein gong til meg: "Rett vestanfor huset dykkar, der stod huset som eg er fødd og oppvaksen i. Men det var nok ikkje så stort og kvitmåla som dette huset du bur i no."

Eg undrast mange gonger over at ho kunne smila og le og ha så godt humør når det var så vondt for henne å gå. Dette var i 1930-åra. Då brukte ho noko dei kalla for Rundsko, det vil seia at dei kunne brukast av b e f tene, det var ikkje noko som heitte rett og rangt (slike sko har vore i bruk i uminnelege tider, i alle h ve p  indre Vestlandet, men i 30- ra var dei nok meir sjeldsynte). Som ho sj lv sa: "Den eine foten bruker eg ikkje noko serleg", (og dermed varde dei dobbelt s  lenge).

Nokre  r seinare kom eg inn i stova hennar d  ho budde hj  Mons Nat s. Ho sat og arbeidde med marmorrelieffa som no heng p  veggen i Lind skyrkja. Der l g nokre b ker p  bordet, mellom dei to gamle salmeb ker med sm  bilete av v re fremste salmediktarar. "Korleis kan du f  til   laga s  fine bilete med hamar og meisel n r hendene dine skjelv s  mykje?" Ho lo litt og sa: "Eg er no ingen nybegynnar, men m  vera trottig s  eg vert ferdig med dette arbeidet f r eg fer her i fr ." Ja, eg beundra henne ofte kor onnig og flink ho var i alt sitt arbeid.

"Ja, dette var noko eg minnest om ei energisk og sermerkt kvinne," slutta Johannes Nat s, som er f dd og oppvaksen p  Saltnes.

"F r eg fer her i fr " - ja, det vart lenge for henne   venta p  den dagen. Siste  ret var ho sengeliggjande, og det var for det meste Bergitta, kona i huset, som stelte henne. Mai 1945 - med jubel og salutt, med fest og glede, med eit yrande folkeliv - folk hadde nok med   feira fridomen, og det var vel ikkje mange som g dde at ho Katharina var faren. 11.mai 1945 la ho ned vandringsstaven, over 83  r gamal.

Nordahl Rolfsen skreiv i 1872 dikt om "De uber mte". Me l ner nokre liner der b de Katharina og dei som p  denne m ten vil heidra hennar minne er med:

"Eder, hvis navne / ei for m ngden funkle,
I, som fikk gavne, / glede i det dunkle,
- her over graven / takker vi for gaven,
takker fra s skendes flok!"

Olav Bruknaap (fra Kristen Ungdom 1937):

En kristen billedhugger fra Vestlandet

Kathrina Saltnes begynte sin kunstnerbane da hun var 4 år

Et sted på Strilelandet, nærmere bestemt på gården Saltnes i Lindås, 5 mil nord for Bergen, bor en eiendommelig kunstnersjel. Det er Kathrina Saltnes. Navnet er kanskje ukjent for de fleste. Og dog er hun en kunstner av ikke så små dimensjoner, selv om ikke offentlighetens lys har omstrålet henne noe særlig. Det er gjerne sånn med de såkalte bygdekunstnere: De blir glemt og "innesperret" i sin stedlige ensomhet. Fordi deres livsforhold er sånn. Og fordi de ikke har lært den moderne egoistiske ærgjerrighet, som er primus motor også på kunstens løpebane. Det er oftest de ytre gunstige forhold, som fører til det avgjørende gjennombrudd og betinger den strålende suksess. Men en slik lykkelig skjebne har aldri smilt til Kathrina Saltnes. Det fikk jeg for øvrig tydelig konstatert da jeg for en tid siden besøkte henne på hennes hjemlige trakter.

Temmelig bortstengt og avstengt mellom holmer og skjær ligger hennes hjemsted, Saltnes, og soler seg i sin fredsommelige isolerthet. Det er ikke mange, bare 3-4 gårdbrukere, som har dristet seg til å slå seg ned i dette forunderlige kuperte landskapet, som riktignok er en estetisk nytelse for øye, men uhyre vanskelig og tungvint for de stakkars bønder som skal forsøke sin livseksistens i de jordfattige omgivelser.

Det var altså hit jeg en dag satte kursen. Framkomstmidlet var en liten robåt. Og med denne karret jeg meg fram i det myldrende øyrike, hvor sjøen nesten aldri gidder å forholde seg stille. - Omsider nådde jeg møysommelig bestemmelsesstedet. Kunstneren fant jeg selvfølgelig i hennes arbeidsværelse. Der stod hun, den gamle bondejenta og levet ivrig i kunstens verden med meisel og hammer. Hun var da 75 år. Med det ekte kunstnerblikk i øye hadde hun. Gnisten og arbeidsgløden likeså. Dog - i det ytre hadde alderdommen satt sitt merke på henne. Eller kanskje det rettere var sykdommen. Hun har nemlig like fra barneåra vært hjemsoekt av mye sykdom og lidelse. Alt i 4-5 års alderen fikk hun poliomyelitt i venstre benet. Lægekunsten, som den gang ikke hadde nådd de høyder som nå, kunne ikke hjelpe henne. Hun ble lam i foten, og måtte for ettertiden dele skjebne med krykka. Ved siden herav har hun også hatt en annen sykdom, som har hindret henne i arbeidet. Men selv om "fysikken" ikke har været noe å skryte av, har hun alltid vært mer enn alminnelig klok og åndsfrisk, og har fulgt godt med i sin samtid. Det merker man tydelig når hun på sin egen livlige og humoristiske måte forteller om sitt lange kunstnerliv.

- Når begynte De med billedhugsten?

- Jeg begynte, svarte hun, egentlig da jeg var 4 år gammel. Det var med treskjæring - om jeg skal bruke et så høytidelig ord. De skjønner det var ikke rare saker da. Og det var naturligvis ingen som den gang fant det nødvendig å gi meg et rosende ord. Tvert imot. Far min var sinna, og bar seg fordi jeg - som han sa - ødela hans eneste trematerialer. Det hendte ofte han tok kniven fra meg, når han blev riktig forarget. Jeg fant nok både kniv og materialer, og drev på like godt.

I de første årene ble det selvfølgelig ikke noe stort ut av det. Det var først da jeg ble 14 år at jeg utførte noe som jeg kan vedkjenne meg. Da skar jeg ut et portrettrelieff av prost Hvedding i Lindås. Ideen fikk jeg plutselig. Mens jeg en dag var til konfirmantundervisning hos ham, kom det brått over meg at jeg skulle forsøke å skjære ut et bilde av prosten. Jeg fant et passende emne og tok fatt. Men kniv hadde jeg ikke for hånden. Jeg tok derfor en avbrekt ljà og gikk løs på min kjære prost. Og lenge ble det ikke før hele prosten ble ferdig.

- Var det noen som underviste Dem i de første årene?

- Nei. Til da hadde jeg ingen undervisning fått. Teoretiske kunnskaper hadde jeg så å si ikke, verken av en eller annen art. Folkeskole hadde jeg ikke gått. Jeg var jo syk og kunne ikke komme fram til skolen så som forholdene her var. Min skolegang før konfirmasjonen begrenset seg til bare 2 måneder. Det var den tid jeg gikk for prosten. Senere fikk jeg riktignok være med på et 6 måneders kurs på en amtskole. Men det var også hele min allmennutdannelse. For øvrig kan jeg nevne at jeg ble nødt til å gå et år i skredderlære. Det var far min som ville det. Han trodde at skredder var det eneste jeg kunne due til - jeg som var krøpling. Men skredderfaget var for meg den rene pest. Glad som en fugl var jeg derfor, da jeg endelig slapp fri fra det der, og fikk lov å vie meg for kunsten. Jeg spesialiserte meg først på treskjæring. I den tiden fikk jeg også mitt første stipend, nemlig til en toårig tegneskole i Bergen. Det var også min første tur ut i den "store vide verden". Og lenger skulle jeg komme. Fra Bergen ar det til treskjærerskolen i Hardanger, hvor jeg fikk den kjente Lars Kinsarvik til lærer. Og fra Hardanger kom jeg, arme krøplingen, like til Kristiania, hvor jeg fikk gå et spesialkurs for lærere og lærerinner. Der fikk jeg også begynne på Den kongelige kunst- og Håndverksskole, hvor billedhugger Skeibrok var min lærer.

Skeibrok var en av mine beste venner, som fikk meget å si for meg. Han var det som fikk mig til å gå over fra treskjæring til steinhugst. Og siden har jeg så å si bare holdt meg til stein.

Det begynte nå en bra tid for meg. Jeg fikk anledning til å luften mine interesser og utvide min horisont. Det gjorde også sitt, at jeg fikk anledning til å komme utenfor landets grenser - til Stockholm. Da jeg var der, var det en stor

utstilling i byen. Og jeg dristet meg til å delta på utstillingen med et arbeid.

Under åpningshøytideligheten var regjeringsmedlemmene med den norske minister Gram i spissen, til stede. De gikk omkring og så på all "herligheten". De stoppet også opp foran mitt arbeid. Jeg hørte tydelig, i kroken hvor jeg satt, minister Gram spørre:

"Hvem har utført dette arbeid?"

"Det er en norsk kunstner Kathrina Saltnes," ble det svart.

Så måtte jeg da fram og ble presentert for ministeren. Han var elskverdigheten selv og sparte ikke på rosende ord. Men det som jeg særlig festet meg ved var et spørsmål som han stilte meg; "Har De stipend, frk. Saltnes?" Det åpnet utsikter for meg. Ikke lenge etter fikk jeg stipend.

Samtidig ble jeg kjent med ministerens frue. Hun var en ualminnelig hyggelig frue, og hun ble meg til stor hjelp i denne tid. Så gjestfri og snill var hun at hun tok meg inn i sitt flotte hjem og lot meg være gjest hos seg i ca. 10 måneder.

- Har De, foruten utstillingen i Stockholm, vært med på flere utstillinger!

- Sant å si har jeg ikke brydd meg stort om utstillinger. Jeg er ikke noe særlig begeistret for den konkurranse som der foregår.

Men allikevel har jeg vært med på et par utstillinger. Den første var i Skien. Jeg var der representert med et treskjærerarbeid, som forestilte et gammelt vossebryllup. Folk syntes visst det var nokså originalt. Og det var vel det originale ved det som fikk en kjent, rik amerikaner til å kjøpe det og dra det med seg over til Amerika.

Den andre utstillingen var i Bergen. Det var i den tid vi lå i konflikt med svenskene. Der lot jeg utstille et stort ølkrus, hvor jeg hadde risset ut et seterbesøk. Kong Oscar II, som ved den anledning var i byen, kjøpte merkelig nok kruset.

- Hva for noe arbeid setter De selv høyest?

- Størst pris setter jeg på portrettrelieffet av prost Hvedding, selv om det ikke kunstnerlig rekker så høyt. Ellers vil man kanskje sette mine marmorarbeid av Luther bl. a. i første rekke.

- Har De mye arbeid i tanker nå framover?

- Jeg begynner å bli så gammel, så det er vel ikke stort mer jeg rekker. Men jeg tenkte at jeg skulle forsøke å hugge ut kirkemusikerne Bach og Händel. Det var hensikten min å forære Lindås kirke dem.

- Har De gitt noe til kirken før?

- Ved kirkens restaurering 1935 ga jeg noen relieffer, i alt 8 plater, meislet i marmor. De forestilte de store salmediktere: Luther, H. A. Brorson, Thomas

Kingo, Paul Gerhardt, Peter Dass, Johan Nordahl Brun, M. B. Landstad og Elias Blix.

- Har De følt noen spesiell glede ved denne kunstart?

- Ja, dette arbeidet har så å si vært livet for meg. Men likevel må jeg bekjenne at jeg av og til har følt meg anfektet. Det vil si, jeg har tvilt på om Gud virkelig vil at jeg skal drive på med dette. Kanskje han vil at jeg skal ære og tjene ham på en annen måte? Men så har falt til ro ved tanken: Når Gud har gitt meg disse evner og sterke lyster så er det vel hans vilje at jeg skal bruke dem.

Her rører Kathrina Saltnes ved et meget alminnelig og aktuelt spørsmål, som jeg ikke skal gå inn på. Kun vil jeg understreke at Kathrina Saltnes både gjennom sitt liv og gjennom sin kunst har vært en av de varmeste og beste representanter for sann og ekte kristendom.

- For sin kunst fikk hun for en tid tilbake vårt lands høyeste fortjenstmedalje. Men for sin kristentro vil hun om en tid få en enda mer praktfull og verdifull medalje - ikke av noen jordisk konge, men av selve kongenes konge.

(Olav Bruknapp, født 9. januar 1911 i Lindås, Cand. theol. 1937, kirkelig medarbeider i Norsk Telegrambyrå 1938. Redaktør og utgiver av "Dag over Norge" 1945-48. Sokneprest i Hyllestad 1955.)



Fra skisseboka til Katharina Saltnes'

Kongens Fortenestemedalje til Katharina Saltnes

Til Kongen.

Søknad om Kongens Fortenestemedalja til frk. Katharina Saltnes

På møte i Lindås sokneråd 6. oktober sl. vart det gjort sovore samrøystes vedtak:

"Katharina Saltnes har gjeve Lindås kyrkja 8 marmorrelief av kjende salmediktarar - som gåva. Då soknerådet ikkje på onnor vis kan takka henne som det høver, eller gi henne noko vederlag for denne store, gilde gåva, vil me søkja om Kongens Fortenestemedalja for henne og legg på formannen å ordna med det."

Meddi ein viser til dette vedtaket, ber ein hermed fram vyrdsamt denne søknaden om Kongens Fortenestemedalja til frk. Katharina Saltnes, buande i Lindås, og skal då få lov å koma med fylgjande opplysningar:

Katharina Saltnes er fødd i 1862 i Lindås prestegjeld. Som morlaus 4 åring fekk ho poliomyelitt og har sidan vore krypling og gjenge på krykkjor. Alt i 10 årsalderen synt ho kunstnargjevnad. Ho modellera eit Kristus-bilæte i leir, hogde ut figurar av pannesteinar og laga relief av tavlestein etc. Ein hard nervefeber sette henne mykje attende både lekamleg og åndeleg, men hennar gode vener, prost Hveding og døtrene hans tok seg av henne, so ho kom seg til att. Prosten sytte ogso for at ho fekk eit 6 vikors kurs på Fylkesskulen. Her på skulen skar ho i tre, millom anna eit bilæte av styraren, Mo.

I 30 årsalderen kom ho på treskjerarskulen i Kinsarvik og var der 1 år. Der skar ho millom anna ut eit skrin som kom til Danmark og fekk sylvmedalja.

Med enkjedronning Josefines legat for vanføre på kr. 200,00 kom ho til Oslo, til Frølich sin skule på Ljan. Der råka ho bilæthoggaren Skeibrok, som straks vart klår over hennar framifrå kunstnargjevnad og fekk henne inn på Den Kgl. Kunst og Arbeidsskule i Oslo. Her tok ho då for ålvor til med modellering. Ho var i Oslo i 4 år, men fekk so stipend for å reisa til Den Tekniske Skule i Stockholm. Fru statsminister Gram tok seg no av henne. I 10 månader var ho på denne skulen, skar i tre og modellera. Eit treskurdarbeid av henne vart kjøpt av prins Karl og ein utskoren ølbolle av kong Oscar II.

Då pengane tok slutt, fekk ho bu hjå fru statsminister Gram på Ministerhotellet i Stockholm for å kvila seg utover sumaren, og då hausten kom fekk ho reisepengar heim av fru Gram.

Ei tid hadde ho no Torkildsens legat for vanføre på kr. 600,00 pr. år - og det var ei stor hjelp. Men so ein dag fekk ho brått og heilt uventa bod om at no kunde

ho ikkje få det lenger. Dette tok so på henne at ho fekk eit nervesjokk - og sidan har ho vore skjelvhendt og veik. Men kunstnarhåttene - og hugen miste ho ikkje. Ho har sidan hoggt mykje i marmor, og so underlegt er det, at når ho arbeider med det, skjelv ho ikkje på handi. Endå det er svært uvande og mykje ulaglege reidskapar ho har å hjelpa seg med, har ho skapt små meisterverk, segjer folk som skynar seg på det. Ho er no kårtakar på den tidlegare farsgarden sin. Her må ho hjelpa til med ymse arbeid, spinning og spyting etc. Men i fristundene og utover kveldane og nætene er kunstnaren i arbeid med marmoret. Og noko av resultatet av mange års mødesamt arbeid på denne måten er dei 8 marmorrelief, som ho gav Lindås kyrkja til 70 årshøgtidi i 1935.

Ein fatig krypling, med mykje sjukdom, vanhelsa og kraftløysa og med mange såre vonbrot i livet, det er hennar beiske lagnad. Men ho ber ikkje agg korkje mot Gud eller menneskje og er attpå stor nok til, ueigennyttigt og sjølvgløymande å ofra mange års arbeid til prydnad av Guds hus, den kyrkja der ho er døypt og konfirmera, og som difor er hennar kyrkja. Det var dette me meinte fortente offentleg påskyning.

5. novbr. 1936
Med høgvyrdnad
O.A Thorseth
Form. Sokneprest.
(sign.)

Gjeng vyrdsamt til Bjørgvin stiftsdireksjon med mi beste tilråding. Det vilde vera mykje gildt um ho kunde få denne offentlege påskyning.

Nordhordland prosti den 6. november 1936.

Nils Røed
(sign.)

7 NOV. 1936

Går til H.M.Kongens Hoffmarskalk.

Stiftsdireksjonen råder til på det beste at søknaden vert imøtekommen.

BJØRGVIN STIFTSDIREKSJON den 11 november 1936.

G Lindebrække Andreas Fleischer

(sign.)

Underskrivne biskop som personleg kjenner Frøken Katarina Saltnes, vil på det varmaste telja Til at ho fær fortjenestemedalja. Hennar Kunstnargivnad, karakter og energi er noko heilt eineståande.

S.d Andreas Fleischer
(sign.)

Fra
H. M. Kongens Hofmarskalk.

Oslo Slot den 27.11. 1936

Til
Bjørgvin Stiftsdireksjon

Man tillater sig herved at meddele, at H. M. Kongen under 25. ds. Har tildelt Frøken K. Saltnes Høistsammes fortjenstmedalje i sølv.

Diplomet, der vedlegges, tør man be vedkommende tilstillet sammen med medaljen, som følger i særskilt pakke. (J.nr. 3523/36)

P.A. Wedel Jarlsberg
(sign.)

30 NOV. 1936

Sendes med diplomet og medaljen herr prosten i Nordhordland prosti. Man tør anmode herr prosten om selv eller gjennom sognepresten i Lindås å sørge for overrekkelsen ved en passende anledning.

BJØRGVIN STIFTSDIREKSJON den 3. desember 1936.

G. Lindebrække
(sign.)

Bjarne Knudsen
vik. (sign.)

Sendes med den medaljen til sognepresten i Lindås, hvem man ber å overrekke medaljen til frk. Saltnes.

Nordhordland prosti den 8. desember 1936. Nils Røed
(sign.)

Går vyrdsamt attende til Bjørgvin Stiftsdireksjon. Fortenestemedalja til frk. Katharina Saltnes er med takk motteki og overrekt henne i Lindås prestegard 9. desbr., der biskop, prost og dei fleste prestar i prostiet var tilstades. Frk. Saltnes har bede meg bera fram ei hjarteleg takk for denne påskyning, som ho set svært stor pris på, og eg tillet me å bera hennar takk fram på denne måten.

Lindås prestegard 11. desbr. 1936.

O. A. Thorseth.
(sign.)

12 DES 1936

Sendes H.H. Kongens Hoffmarskalk idet man tør henwise til foranstående.

BJØRGVIN STIFTSDIREKSJON den 21. desember 1936.
p.d.v. G. Lindebrække
(sign.)

Hans Majestet Kong Haakon VII

Deres Majestet!

Ved mitt besøk forleden i Lindås i anledning av kirkevigslen av Hundvin kapell, fikk jeg også den glede å overvære utdelingen av Deres Majestets fortjenestemedalje til Catrine Saltnes.

Hun er nu 74 år gammel og meget svak og skrøpelig. Men hun er en fremragende treskjærer, modellør og billedhugger. Som det dypt kristelige og kirke-elskende menneske hun er, har hun også skjenket flere vakre portrettrelieffer i marmor til Lindås kirke, - portrettrelieffer av Kingo, Brorson, J.N. Brun, Landstad og Blix og flere, i alt 8 salmediktere.

Hun bad mig overbringe hennes ærbødige takk til Deres Majestet. Og jeg vil gjerne få tilføie, at sjelden har fortjenstmedaljen været en mer vel anbragt utmerkelse og påskjønnelse.

Bergen, den 11. Desember 1936. I ærbødighed

Deres
Andreas Fleischer
(sign.)

Bjørn Davidsen og Yngve Nedrebø:

Underet i Bergen byrett



28 år gammel kvinne med knutet spedalskhet. Tegning av J. L. Losting fra Atlas Colorie de spedalskshet

hun kun hadde et friskt øye. Men det hjalp ikke. Uten å forklare hvorfor, prøvde Hansen å stikke henne i øyet med en stjernål som inneholdt materie fra en annen spedalsks knute. Da det første forsøket mislyktes fordi hun verget seg, holdt forstander Hartwig uoppfordret hennes hode i ro, slik at Hansen lyktes med sitt forsett i andre forsøk. Først i ettertid ble det klart hva Hansens formål med inngrepet var, nemlig å finne ut om mikroorganismer fra en spedalsk knute ville utvikle seg på en med den glatte form for spedalskhet, som blant andre Kari Nilsdatter led av.

31. mai 1880 ble retten satt i Bergen for å avsi dom i saken mot Gerhard Henrik Armauer Hansen (1841-1912). Han var fra 1875 konstituert i Overlægeembedet for den Spedalske Sygdom i Norge, med pålegg om inntil videre også å tjenestegjøre som lege ved Pleiestiftelsen for Spedalske No. 1, hvor han var blitt statsansatt lege alt i 1868. Saken var reist av påtalemakten ved stiftamtmann i Bergen, Nicolai Ditlev A. Ræder, og tiltalen var alvorlig nok: Beskyldning om legemsfornærmelse mot sakesløs person og misbruk av stillingen som lege, og med nedlagt påstand om straff og tap av embete.

Saken hadde startet 3. november 1879, da overlege Hansen bad pasienten Kari Nilsdatter Spissøy fra Moster om å komme til hans kontor. Det gjorde hun, for der å oppdage at Hansen ville foreta en liten operasjon på øyet hennes. Hun ble redd, gråt, protesterte, og sa at

Kari følte seg ydmyket, misbrukt og mishandlet. Hun var redd for å miste

synet. Selv om overlege Hansen hadde sagt det ikke var farlig, hadde hun angst for at inngrepet skulle medføre varig svekket syn. Inngrepet gjorde dessuten vondt, hun verket etter stikkene og fikk vansker med nattesøvnen. Derfor gikk hun til stiftelsespresten og klaget. Han hørte på hennes gråt og jammer over hva Armauer Hansen hadde gjort mot henne. Han trøstet Kari, men gjorde til å begynne med ikke noe mer med det. Etter at hun hadde beklaget seg for tredje gang, derimot, satte sokneprest Grønvold seg ned og forfattet et to sider langt brev til tilsynskomiteen ved Pleiestiftelsen, der han gjorde rede for klagemålene. Dermed forelå et skriftlig dokument som kunne få alvorlige konsekvenser for Hansen, men bare dersom noen ville at det skulle få det.

DEN SPEDALSKE SYKDOM

I dag vet vi at spedalskhet er en kronisk smittsom sykdom som fremkalles av leprabasilen (*Mycobacterium leprae*). Inkubasjonstiden er 2-7 år, men kan være betydelig lengre. Spedalskhet begynner snikende og utvikler seg videre i en tuberkuloid form ("den glatte") eller en lepromatøs form ("den knutete"). Den første opptrer hos de mest motstandsdyktige og er lite smittsom, den andre hos de mer mottakelige og er meget smittsom.

SPREDNINGEN AV SPEDALSKHET

Spedalskhet er en utbredt og fryktet sykdom i store deler av verden, og slik har det vært i flere tusen år. Sykdommen synes å ha eksistert fra den eldste oldtid. Fra Egypt ble den flere århundrer f.Kr. brakt til og fra Italia nordover med den romerske hær. Men sin største utbredelse og betydning for Europa, fikk spedalskhet først etter korstogene. Særlig utbredt og fryktet var sykdommen i middelalderen. Da ble det opprettet tallrike hospitaler for spedalske (leprosarier) rundt om i Europa. Det ble også innført meget strenge regler i lovgivningen som begrenset spedalskes bevegelsesfrihet. En spedalsk ble betraktet og behandlet omtrent som om han ikke lenger var i live. Når han ble innbrakt i et leprahospital, ble det lest dødsmesse over ham. Og de som fikk lov til å gå rundt og tigge, måtte varsle sin tilstedeværelse med bjeller. Spedalskheten nådde sitt høydepunkt i Europa i det 12. århundre. I løpet av det 15. og 16. århundre minket antallet spedalske sterkt, og i begynnelsen av det 17. århundre hadde tapt in betydning for store deler av Europa. En hovedgrunn for tilbakegangen var trolig at de spedalske ble isolert på spesielle sykehus - i tillegg til at de var ekstra utsatt for andre smittsomme, dødelige sykdommer som herjet Europa i disse hundre-årene.

LEPRAARBEIDET PÅ VESTLANDET

Til Norge kom den spedalske sykdom trolig i vikingtiden. Og den rammet særlig Vestlandet, trolig fordi Norges handel med utlandet hadde sitt sentrum der. Den store konsentrasjonen av spedalske på Vestlandet, førte til opprettelsen av Norges første leprahospital, St. Jørgen, i Bergen omkring år 1400. I 1545 ble Selje klostets

